

FESTEKONTRAKT

Radøy kommune festar her med til Bøvågen Småbåtlag, gnr. 24, bnr. 197 feste nr. 1, del av Krossneset av Bø i Radøy. Området er i reguleringsplan, dagsett 30.01.86, regulert som småbåthamn, og festekontrakta er oppretta på grunnlag av vedtak i Radøy kommunestyre sak 47/86.

Bøvågen Småbåtlag festar eigedomen for 50 år på følgjande vilkår:

1. Laget må stå ansvarleg for bygging og drift. Utbygging må skje i samsvar med detaljplan som er godkjent av kommunen og andre godkjennande organ. Mellombels må laget likevel ha løyve til å ordna seg slik det er mest praktisk/økonomisk i høve til medlemstallet.
2. Utbygginga må og omfatte veggen til og igjennom området. Men frå den dato då kommunen gjev andre enn småbåtlaget løyve til å nytta veggen må kommunen overtaka vedlikehaldet. Utbygging av offentleg leidningsnett i veggen og elles i området må vera kommunen sitt ansvar. Laget må ikkje vanskeleggjera bygging og drift av kommunale anlegg. Bøvågen Småbåtlag bør få disponere arealet gratis som vederlag for at laget byggjer veg fram til og igjennom området.
3. Under elles same vilkår, må kjøpar av kommunalt eigde tomtar ha første retten til medlemskap i laget. Ved sal av tomtar i Bøvågen-området må kommunen ha rett til å kunngjera at eventuell kjøpar har rett til medlemskap i båtlaget.
4. Det må setjast opp kontrakt mellom partane der ovanforståande punkt vert lagt til grunn. Like eins må utbyggingsplan og laget sine vedtekter gå inn som del av avtalen.
5. Det skal ikkje betalast festeavgift. Etter 20 år har kommunen høve til å eventuelt krevja leiga for arealet.

Manger, den 09. juli 1986



for BØVÅGEN SMÅBÅTLAG
Ragnar Floen



Olav Marås
Ordfører i Radøy kommune